

21.02.2011

Fleire i Hobbyklubben snart?

Her er 7 av jentene som møtte i Hobbyklubben denne kvelden.

Av ein eller annen grunn har det ikkje møtt så mange i Hobbyklubben i Bedehuset etter nyttår som det gjorde før. Frammøtet så langt i 2011 har vore 15-20 medan det var opptil dobbelt så mange i 2010.

Kva grunen til svikten kan vera har ikkje leiinga nokon ide om, men dei vonar at besøket snart tek seg opp att..

I kveld var det miljøkveld med 15 til stades. Då var det bingo, andre oppgåver, andakt, pizzaservering og trekking av nyttårslotteriet. Det har gjeve ei inntekt på rundt rekna 6.000 kroner og gevinstane vart fordelt slik:

Karolina Morlandstø vann plenklyppar medan Ingvild Ersland
Myklebust vann ein infrarød terrassevarmar.
Boka om hjorten i Sunnhordland
og Nordre Rogaland vart vunne av Arne Johannes Haugland, Audhild Lie
og Norah H. Kristoffersen.

Neste møte i Hobbyklubben er mandag 7. mars klokka 19 og då er det aktivitetskveld i dei 3 gruppene som er for fjernstyrte bilar og fly, avisgruppe og hobbygruppe,

Klubben er for femteklassingar og eldre utan nokon øvre grense og det kostar berre 100 kroner å bli med eit halvår.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.

Av Ola Matti Mathisen